



OFFENTLEG MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet

Møtestad: Vanylven rådhus – møterom: 2.

Dato: 25.02.2020

Møtet tok til: 13:00

Møtet slutta: 14.45

Møtet var innkalla ved utsend sakliste og sakene var tilgjengeleg på kontrollutvalet si heimeside.

— Paul Sindre Vedeld leia møtet.

Faste medlemar som møtte:

Namn	Funksjon
Paul Sindre Vedeld	Leiar.
Laila Haugen	Medlem.

Faste medlemar som ikkje møtte:

Namn	
Harry Hansen	Medlem
Evelyn Midtbø	Medlem
Lasse Rindal	Medlem.

Varamedlemar som møtte:

Namn	
Svein Sandvik	Vara for Harry Hansen
Lidvar Mindor Kragset	Vara for Evelyn Midtbø

Frå Vest kontroll møte:

Namn	Stilling
Jostein Støylen	Dagleg leiar.

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS møte:

Namn	Stilling
Halldis Moltu	Oppdragsansvarleg revisor finansiell revisjon.

Frå administrasjonen / politisk hald møte:

Namn	Stilling
Lena Landsverk Sande	Ordførar. I sak 8.
Rita Kvamme	Rådmann. I sak 9.

Underskrifter:

Vi stadfester at det som er ført i møteboka er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Paul Sindre Vedeld \ Leiar

Laila Haugen \ Medlem

SAKLISTE

- SAK 01/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL
- SAK 02/20 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 03/20 MELDINGAR
- SAK 04/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019
- SAK 05/20 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020
- SAK 06/20 MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020
- SAK 07/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019
- SAK 08/20 ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 09/20 RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR
- SAK 10/20 STATUS PÅ SAKER
- SAK 11/20 KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2019
SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
01/20	033	04.02.2020	25.02.2020	KS

GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. UNDERSKRIFT MØTEPROTOKOLL

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent. Sakene vert å behandla i slik rekkefølge 1, 2, 8, 9, 3, 4, 5, 6, 7, 10 og 11.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Laila Haugen.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
02/20	049	04.02.2020	25.02.2020	KS

GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 27.11.2019.

Vedlegg

Møteprotokollen frå møtet 27.11.2019

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
03/20	033&17	06.03.2019	14.03.201398	KS/JS

MELDINGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Vedlegg

1. Dokument. Svar: sak 17/19 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2018. Datert 17.10.2019. Rådmannen si tilbakemelding på rutinar kring sjukepengerefusjon.
2. Dokument. Forvaltningsrevisjonsprosjekt – tenesteyting i heimesjukepleie. Datert 18.12.2019. Kommunestyret sitt vedtak, sak 174/19.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
04/20	033&58	04.02.2020	25.02.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vanylven kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/vanylven/Dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet	03.12			
Driftsutvalet	07.11	02.12		
Eldrerådet	03.12			
Formannskapet	01.10	15.10	11.11	02.12
Kommunestyret	01.10	21.10	18.11	02.12 16.12
Livsløpsutvalet	30.10	26.11		
Råd for funksjonshemma	28.11			
Ungdomsrådet	19.11			
Valstyret				
Vanylven Verdi KF				

Vanylven Utvikling AS

Vest Kontroll tek med protokollar til møtet

Saknr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
05/20	033&58	04.02.2020	25.02.2020	KS

GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møteprotokollar.

Saksopplysing

For best mulig kontroll må ein vere oppdatert om kommunen, gjennomgang av møteprotokollar og saker er ein viktig del av dette. Ved gjennomgang bør ein og særleg sjå etter formelle feil (habilitet, lukking av møte osv.)

Dokumenta finn ein på Vanylven kommune si heimeside -

<https://innsyn.ssikt.no/vanylven/Dmb>

Møteprotokollar til gjennomgang (med feit skrifttype):

Administrasjonsutvalet:				
Driftsutvalet:	10.02			
Eldrerådet:	05.02			
Formannskapet:	20.01	03.02		
Kommunestyret:	27.01			
Livsløputvalet:	28.01			
Råd for funksjonshemma:	06.02			
Ungdomsrådet:	21.01			
Valstyret:				

Vanylven Utvikling AS

Vest Kontroll tek med protokollar til møtet

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
06/20	033	17.02.2020	25.02.2020	KS

MØTEPLAN FOR KONTROLLUTVALET 2020

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet fastset slik møteplan: 4. mai, 16. juni, 8. september, 20. oktober og 1. desember.

Vedlegg

Detaljert møteplan for kommunen og totalt for Vest kontroll.

Saksopplysningar

I 2020 er det i tillegg til 25. februar sett opp møte 4. mai, 16. juni, 8. september, 20. oktober og 1. desember.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
07/20	033	04.02.2020	25.02.2020	KS/JS

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019

Samrøystes innstilling

Kommunestyret tek årsmeldinga for kontrollutvalet 2019 til vitende.

Vedlegg

Årsmelding for kontrollutvalet 2019. Utarbeidd av Vest Kontroll.

Saksopplysning

Viser til vedlagd årsmelding for kontrollutvalet 2019.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
08/20	033	12.02.2020	25.02.2020	JS

ORDFØRAREN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige orienteringa til vitende.

I møtet

Ordførar Lena Landsverk møtte.

I drøftingane to ein utgangspunkt i kulepunkta i saksutgreiinga.

Det vart avklara at kontrollutvalet ved leiar og sekretariat skal få høve å orientere kommunestyret om oppgåvene til kontrollutvalet. Ein må berre finne møtedato.

Det er og ynskjeleg at leiar i kontrollutvalet og revisjonen presenterer forvaltningsrevisjonar i kommunestyret.

Saker frå kontrollutvalet vert å ta tidleg i kommunestyremøta.

Ordførar møter gjerne i kontrollutvalet for å orientere om ho får invitasjon/innkalling.

Ordførar ynskjer å få innkalling i outlook.

Det vart oppmoda til alle om å leggje inn møtedatoane i kalenderen sin. Saker ho skal følgje opp ber ho om å få eige melding på.

Saksopplysningar

- Ordførar har møte- og talerett i kontrollutvalet, jf. kommunelova § 6-1, 3 ledd. Dette gir eit signal om ordføraren sitt tilhøve til utvalet og deltakinga der.
- Spørsmålet er om ordføraren har tenkt å møte og om ho har høve til å møte i alle og i heile møta.
- Dersom ordføraren ikkje har høve å møte i heile møtet er det greitt å få avklara til kva tid ho kan vere der av omsyn til saklista.
- Det er greitt å setje opp saker ho bør delta på, i møte vi veit at ho kan kome. At ordførar er til stades i saker som utvalet behandlar, som skal til kommunestyret, kan og vere viktig av omsyn til innsikta i sakene og behandlinga der.
- Kontrollutvalsleiar bør få tid i kommunestyremøta til å innleie/orientere om saker som vert lagt fram av kontrollutvalet.
- Saker frå kontrollutvalet bør setjast opp tidleg i møtet slik kontrollutvalsleiar, sekretariat og revisor ikkje treng vere til stades i heile møtet i kommunestyret.
- Ordførar bør sjå til at uttalen på rekneskapan frå kontrollutvalet til kommunestyret følgjer heile saksgangen.
- Ordførar bør sjå til at det er kontrollutvalet sitt forslag til budsjett for kontrollordninga som vert lagt fram for kommunestyret (ikkje endra på av administrasjonen eller formannskapet)
- Ordførar bør vidare sjå til at saker som skal gå direkte frå kontrollutvalet til kommunestyret ikkje er gått til behandling i formannskap eller andre utval (forvaltningsrevisjonsrapportar, særskilde rapportar bestilte av kontrollutvalet, budsjett, plan for forvaltningsrevisjon og plan for /eigarskapskontroll (selskapskontroll)
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og ordførar ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og ordførar er viktig ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
09/20	033	17.02.2020	25.02.2020	JS

RÅDMANNEN OG KONTROLLUTVALET. FORVENTNINGAR BEGGE VEGAR

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek den gjensidige orienteringa til vitende.

I møtet

Punkta i saksutgreiinga var gått igjennom. Det var semje om alt.

Kulepunkt 6. Alle innkallingar av tilsette skal gå gjennom rådmannen. Det er ho som er ansvarleg og avgjer kven som skal møte. Kontrollutvalet kan likevel ha ynskje om bestemte personar.

Det vart presisert viktigheita av godt samarbeid.

Kulepunkt 8 kunne vore sløyfa – dette er heilt opplagt dersom ein opptrer profesjonelt.

Saksopplysningar

- Rådmannen har ikkje møte- og talerett i kontrollutvalet, slik som ordføraren.
- Det kan likevel vere ynskjeleg at rådmannen er med i enkelte møte eller deler av møta, då i spesielle saker.
- Det bør vere slik at rådmannen får høve til å gi informasjon, generell og spesielt i kontrollutvalsmøta. Då bør han gi signal om dette i rimeleg tid før møta, slik ein får setje det opp på saklista. Gjerne gi opp tidspunktet han kan kome.
- Rådmannen bør og ta seg tid til å kome å orientere etter oppmoding frå kontrollutvalet/leiar/sekretariat.
- Rådmannen har sjølv høve til å avgjere om han sjølv orienterer, han har med seg nokon til å gjere det eller sender nokon.
- I ein del høve ynskjer kontrollutvalet orientering av ein bestemt person,. Er det det då greitt at kontrollutvalet v/sekretariatet kontaktar denne direkte (m/evt. kopi/melding til rådmannen) eller vil rådmannen at innkallinga skal gå gjennom han.
- Vi snakkar heile tida om ein god dialog.
- Ein må vere klar over at det til tider vil kom opp saker der det er usemje om, i om med at det er ulike roller. Det er viktig at alle har klart for seg at det dreier seg då om den enkelte saka og ikkje må få følger ein elles gode dialog i andre saker.
- Andre tilhøve som kontrollutvalet og rådmann ynskjer å ta opp.

Eit godt tilhøve mellom kontrollutval og rådmann er viktig, ikkje minst for å eit godt omdøme for kommunen. Ein må vere klar over at det kan oppstå usemje om ei sak – måten ein løyser slikt på er viktig for kommunen sitt omdøme.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
10/20	033	17.02.2020	25.02.2020	JS

STATUS PÅ SAKER

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek statusoversikt over ikkje løyste saker til vitende.
2. Kontrollutvalssak 14/19. **Lukking av møte i kommunen.** Leiar i kontrollutvalet kontaktar ordførar for å gi informasjon.
3. Kontrollutvalssak 15/19. **Bruk av viltbilen.** Kontrollutvalet ber revisor følge opp fordeling av kostnader for bruk av viltbilen med rådmannen. Utvalet ber om tilbakemelding innan 25.03.2020.
4. **Sjukepengerefusjon.** Saka vert vidare følgt opp når revisjonsrapporten for 2019 ligg føre.
5. Kontrollutvalssak 19/19. **Ladestasjon.** Kontrollutvalet finn å ikkje gjere meir i denne saka no.
6. Kontrollutvalssak 23/19. Kontroll av **Vanylven verdi KF og Combisentret AS** vil ein kome tilbake til samband med plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Saksopplysningar

Saker som ikkje vart ferdigbehandla/løyste i 2019 og som evt.må vidareførast i 2020.

- **GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR**

- Kontrollutvalssak 14/19

Kontrollutvalet kjem tilbake til ein eigen gjennomgang av ikkje-offentlege (B) protokollar for kontroll av grunnlaget for lukking av møter, samt unntaket av

ikkje- offentlege dokument i sakene. I denne gjennomgangen vil utvalet sjå på saker i 2018- 2019.

- **ORIENTERING – VILTNEMNDBILEN**

- Kontrollutvalssak 15/19.

Kontrollutvalet tek den munnlege orienteringa frå revisor til vitende og ber rådmannen gi tilbakemelding til revisor på ubesvarte spørsmål.

- **KOMMUNEREKNESKAPEN MED ÅRSMELDING 2018**

- Kontrollutvalssak 17/19

Kontrollutvalet har merka seg at rutina kring sjukepengerefusjon ikkje har fungert, og ber rådmannen om tilbakemelding på kva tiltak som vert sett i verk.

- **ORIENTERING LADESTASJON**

- Kontrollutvalssak 19/19.
 1. Kontrollutvalet tek den munnlege orienteringa i møtet frå Knut Aksel Thunem og Mirjam Nystøyl til vitende.
 2. Kontrollutvalet vil sjå meir på saka.
 3. Kontrollutvalet bestiller ein rapport frå revisjon med gjennomgang av kva som har skjedd i saka og ber også om svar på eventuelle lov- og regelbrot.

- **GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2019**

- Kontrollutvalssak 23/19.

Kontrollutvalet vil gjere ein nærare kontroll av Vanylven Verdi KF og Combisenteret AS

VURDERING

Sak 14/19 Bør vurderast som forvaltningsrevisjon i komande planperiode eller eigen kontroll.

Sak 15/19 Saka bør la seg løyse når rådmannen har gitt tilfredsstillande svar og endra rutinar.

Sak 17/19. Her må rådmannen få på plass tilfredsstillende rutine og melde tilbake.

Sak 19/19. Her må ein vurdere om saka er aktuell no. I så fall må ein ta opp med revisjonen når rapport kan ligge føre.

Sak 23/19. Her må ein diskutere ynskjemålet. Er det ein forvaltningsrevisjon – så må det prioriterast i komande plan for forvaltningsrevisjon.

Er det eigarskapsstyringa som skal kontrollerast, så er det ei prioritering i komande plan for eigarskapsstyring.

Saksnr.:	Arkivnr.:	Dato:	Møtedato:	Saksbehandlar:
11/20	232	19.02.2020	25.02.2020	JS

KONTROLLRAPPORT- ÅRSMELDING 2019 SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Forslag til vedtak/uttale

Kontrollutvalet har ingen merknader til Skatteetaten sin kontrollrapport, Skatteoppkrevjaren si årsmelding og Skatterekneskapen for 2019.

Vedlegg

- Kontrollrapport 2019 frå Skatteetaten, av 17.02.2020
- Årsmelding 2019 Skatteoppkrevjaren, av 23.02.2020

Saksopplysning

Det vert vist til Kontrollrapporten frå Skatteetaten, Årsmelding frå Skatteoppkrevjaren og Skatterekneskapen.

Fylgjande kjem fram av vedlagde dokument og særleg Skatteetaten sin kontrollrapport:

Tilfredsstillande:

- Overordna internkontroll
- Rekneskapsføring, rapporteringa og avlegginga av årsrekneskapen.
- Utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane. Sjå tabell i kontrollrapporten pkt. 3 Måloppnåing.
- Arbeidsgivarkontrollen. Det er 11% i 2019 (0,0% i 2018, 5,2% i 2017 og 4,2% i 2016), medan kravet er 5%. Sjå del 4 i årsmeldinga.

Skatteinngangen:

- Kommunen sin del av skatteinngangen i 2019 var kr 88.973.020. I 2018 var den kr 83.682.753. Dvs. ein auke på kr. 5.290.267, eller om lag 6,3%.

Avslutning:

Dette er siste året kommunestyret og kontrollutvalet mottek kontrollrapporten for skatteoppkrevjinga i kommunen. Dette fordi Stortinget vedtok 13. desember 2019 at skatteoppkrevjarfunksjonen skal overførast til Skatteetaten frå 1. juni 2020.

Møtet slutt.

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet for godkjenning i neste møte.**